

GRÅMANNSLEKTA

Av Olav M Holen

Denne slekta var noko for seg sjølv både på godt og vondt. Dei var tiltakssame og flittige, hadde gode evner og var svært kreative. Dei var også svært vågsame, mange gonger dumdristige. Gråmennene fylgde ikkje den store hopen, men gjekk ofte sine egne vegar, ikkje minst på det religiøse området. Som ho sa det, Sigrid Kjelleberg, som er av gråmannsslekti sjølv: "Gråmennene hev sin eigen veg til Faderen".

Det er au ein viss kunstnargivnad i slekti. Gråmannen sjølv var ein utifrå god kunstmed. I slekti til kona hans, Gyro Sveinsdotter frå Syga Røyselund, var det sylvsmedar, rosemålarar og spelemenn.

Men det er ikkje berre positive sider med denne slekti. Ein del vart råka av tungsinn som av og til kunne få dramatiske fylgjer. Andre vart så spesielle at dei hadde vanskeleg for å passe inn i det vanlege samfunnsmaskineriet. Andre vart opptekne av å vise seg fram, det me kallar "galnoskelege" (nauten, dumme seg ut).

Me som kallar oss for gråmenn idag, hev og ein del gener frå Vonde-Åsmund Rygnestad frå Nordigard. Lang-gome (oldemor) mi heitte Ingebjørg Hallvardsdotter Lien (1845-1927), som var gift med Gråmannssonen, kom frå Vonde-Åsmundslekti. Denne slekti var kjend for å vere svært konservativ; der på garden skulle alt vere som det allstødt hadde vore. Det førde nok etter kvart til stagnasjon og tilbakegang i Nordigard. Gråmannen, som kaupte Sygard Rygnestad derimot, tenkte nytt og bygde opp garden til eit mønsterbruk.

Eg byrjar med Gråmannen og kona som var besteforeldri til gofa, og såleis mine tipp-oldeforeldre. Om denne slekta er det mange som hev skrivi. I tillegg til Valleboki byggjer eg på artiklar av Tarald Nomeland, Jon Løyland, Torjus Åkre, Kjetil Rygnestad (Åmli) og Olav O. Holen.

GRÅMANNEN

Olav Olavsson Homme, f. 1789, d. 1866,

Før eg begyndar å fortelje om denne spesielle ættefaren vår, tek eg først med noko om slekti hans. Som så mykje anna i denne oversikten, finn eg opplysningane i "Gards- og ættesoge Valle" av Alfred Ryningen.

Det er mykje uklårt når det gjeld kva gråmannsnamnet kjem frå, og kvar slekti eigentleg kom frå. Det ein veit at Gråmannen voks opp i Gråmannshus i Homme. Kor lenge slekti hadde budd der veit ein ikkje. Gardnamnet Gråmannshus gjeng iallefall attende til 1500-talet, så ein kan vel rekne med at slekti hev budt derein del hundre år.

Sume i slekti vår hev teki ein gentest, og det viser at det er ein del gener som tykkjest stamme frå Midt-Østen, nærare bestemt frå Libanon. Ein gong i tidi må dei ha vandra ut og kome over Balkan og så til Europa.

Det er ingen som veit noko sikkert om korleis dette heng saman. Det er iallefall tvo teoriar om det.

Eg hev allstødt høyrte at slekti kom frå Telemark, utan at ein veit noko meir. At dei vart kalla gråmenn, kunne forklårast med at telemarkingane var gråklede, i motsetnad til den meir fargerike setesdalsdrakti.

Andre hev høyrte av dei gamle at ein av forfedrane våre var med i ein av krigane i Europa, men deserterte. Han rymde då og kom inn i Sverige og til slutt til Telemark, og så landa han i Valle. Gråmannsnamnet kunne då forklårast med at han hadde ei grå soldatuniform.

Ein tredje teori kunne sjølvstund vere at han vart kalla Gråmannen, rett og slett fordi han kom frå Gråmannshus. Som så mange gardsnamn er det ikkje alltid så lett å tyde tydingi av namnet.

Likevel, det tykkjest vere ein sterk muntleg tradisjonsom som seier at denne slekti kom utanfrå og slo seg ned i Valle. Gentesten styrkjer og denne teorien.

Olav O. Holen hadde ein god artikkel om Gråmannen i "Jol i Setesdal" 2009. Han hev mykje av opplysningane frå vår felles gofa, Olav Aareholte, som var ein god og påliteleg sogemann. Han og gjeng utifrå at Gråmannsslekti kom austanfrå.

Ifylgje Valleboki hadde far til Gråmannen, Olav Åsmundsson, lånt pengar med pant i garden. Og det enda med at han og familien måtte reise frå garden og vart husmannsfolk. Faren var ein drankar og drakk seg i hel i ung alder. For at dei ikkje skulle svelte ihel, måtte mori på bygdi og tigge.

Ho var for stolt til å be om noko, Ho sette mjølhiti (mjølsekk laga av skinn)) frå seg på dørhella på garden ho kom til og snudde seg bort og lest som ingen ting. Men folk visste korleis det stod til og fyllte mjøl i hiti.

Førti år gamal bukka ho under av svolt og sjukdom, og borni måtte klare seg som best dei kunne. Berre tri av dei ni syskini livde så lenge at dei vart vaksne.

Gråmannen hadde ikkje hast med å gifte seg. Kanskje var han så oppteken med å kome seg opp og fram at han ikkje hadde tid til slikt. Men før han gifte seg

hadde han fenge tvo born med tvo andre kvende, fyrst Jorunn (1821) som voks opp i Hommelunden, og Arne (1826) som døydde etter nokre månadar.

Jorunn fekk han med Birgit Ånundsdotter Homme i 1821. Fire år seinare gifte Birgit seg med Gunnar Folkesson Løyland. Dei budde på Plasset under Systog Dale. Jorunn voks opp i Hommelunden hjå besteforeldri, Ingebjørg og Ånund i Innistog¹. Jorunn døydde ugift i 1889 på plassen Grjotsleg i Homme, 68 år gamal. Jorunn fekk ein son i 1844, men etter at han vart konfirmera i 1860 veit ein ikkje noko meir om han.

Så fekk Gråmannen eit barn i 1826 med enno ei Birgit, Birgit Arnesdotter frå Nistog Flateland. Ho vart gift i 1821 med Knut Olavsson Besteland som var mykje gamlare enn ho, så ho vart enkje alt i 1822. Det tok ti år før ho gifte seg andre gongen, og i mellomtida fekk ho sonen Arne i 1826 med Gråmannen. Han vart kalla Arne etter bestefaren, men han døydde etter berre nokre månadar. Som 40-åring gifte Birgit seg med Ulv Torsson Brokka og kom til Fodtveit.

Då Gråmannen var førte år gifte han seg i 1829 med Gyro Sveinsdotter Syga Røysland. Frå denne slekti kom det mange spelemenn (t.d. Dreng Ose og Olav Heggland), rosemålarar og sylvsmedar.

**Olav Olavsson Homme, f. 1789, d. 1866,
g. 1829 med Gyro Sveinsdotter Røysland (y), f. 1795, d. 1867**

1. *Ingebjørg*, f. 1831, d. 1829
2. *Ingebjørg* f.1829, d. 1829.
3. *Ingebjørg*, f. 1831g. 1848 m. Eivind Knutsson Dale, f. 1826. (Nistog Hommelunden)
4. *Targjerd*, f. 1834 f.1834, g.1853 m. Knut Eivindsson Flateland f. 1830. (Vodden, Flateland)
5. *Olav*, f. 1839, han som vart kalla *Gråmannssonen*.

¹ Det stend ein del om desse tvo i "Gamalt or Sættesdal" II, side 255: "Grepa kvende", og i Torleiv Aakre:" Meir gamalt or Sættesdal "II, som kjem ut seinare i år.

Det var berre dei tri yngste som livde opp. *Ingebjørg* vart i 1848 gift med Eivind Knutsson Dale (1826), som budde i Hommelunden (Det er Nistog Homme, den garden som Knut Jensson og Malmfrid no eig).

Den eldste dotteri deira som voks opp heitte Anne (1850). Alfred Ryningen skriv at han var gift med ein frå Tveiti i Bykle og at dei reiste til Amerika. Sjølv om ikkje alt stemmer med årstal og slikt, trur eg må dette må ha vori Hallvard Ånundsson Tveiten (1839). Det stemmer iallefall med det eg hev høyrte, at det var ein frå Tveiti som vart gift inn i Gråmannsslekti. Dessutan var Hallvard den einaste frå Tveiti som reiste til Amerika på den tid.

Hallvard var gardskar til ein av dei beste gardane i Bykle. Likevel gjorde dei noko så drastisk som å gjeve ifrå seg garden og reise til Amerika. Det hadde nok mykje med at faren, Ånund Hallvardsson (1815-1887), vel var ein mektig og noko eigenrådig person som ikkje ville gjeve frå seg tøypane til neste generasjon. Dette passa nok heller ikkje for ei som var av gråmannsætt, og dei reiste til Amerika i 1875 og kom aldri att.

I 1834 vart *Targjerd* fødd. Ho vart i 1853 gift med Knut Eivindsson Flateland, f. 1830 på Vodden Flateland. No stend det att berre ei løe, stogehusi vart seld til Morten Henriksens samling av gamle hus i Bykle.

Targjerd og Knut hadde 11 born, åtte av dei vart vaksne, og fire reiste til Amerika. Sjå oversikti over familien i Valleboki VI, side 211.

Det kan nemnast at Knut Eivindsson var smed og sonen Eivind var sylvsmed.

Både Ingebjørg og Targjerd hev mange etterkomarar i Valle og Amerika.

Det er elles lite ein veit om desse tvo gråmannsdøtrene, men Targjerd hev fenge namnet sitt knytta til Jørgen Moe og "På solen jeg ser", men det er det ikkje mange som kjenner til.

I "Jol i Setesdal "1976 hadde Hallvard Løyland ein artikkel som heiter "På solen jeg ser". Her fortel han soga om korleis Jørgen Moe vart inspirert til å skrive dette meistarverket sitt.

I 1847 fekk Moe eit statsstipend i folkeminne der han skulle samle inn folkedikting i Telemark og Setesdal. I juli 1847 gjekk han frå Dalen i Telemark og kom til Bjørnevassheidi. Folk var opptekne med støysslåtten og hadde vel lite tid og interesse i å tale med framandkaren.

Tradisjonen fortel at Moe budde på støylen Edan. Der var Targjerd, dotter til Gråmannen, budeie. Ho var då kjærast med Knut Flateland, Vodden, som ho seinare vart gift med.

Ein dag tok Moe seg ein tur på den høgaste toppen, Revstjønnapen. Overvelda av sanseintrykki den dagen skreiv han "På solen jeg ser". Kanskje han ikkje fekk fullført diktet. Kanskje det siste verset kom til han etter at han var til

kyrkje om sundagen. Han ser alt gjennom augo til støymsgjenta, truleg Targjerd, der ho lengta til bygdar og til folk, og mest av alt til guten sin som kjem " i susende trav på elgsblakks-ryggen" på kyrkjeveg.

Så kom til slutt gardskaren som sjølv sagt også laut heite *Olav*, han som seinare hev mykje vorte kalla Gråmannssonen. Det var mest som A. O. Vinje skriv i Storegut:

Og Olav het Son, og Olav het Far.
Det Olav på Olav var,
so lenge som det var spurt til Mann,
som eigar av Nordigard (her Systog Rygnestad).

Gråmannen døydde i 1866, 77 år gamal, ein heller høg alder i dei dagar.

Gunhild J. Espetveit, som og er av gråmannsslekti, fortalde ein historie som eg trur er noko typisk for Gråmannen. Ikkje så lenge før han døydde var han til kyrkje, og var då til nadverds. Kyrkjekoret, der nadverdringen er, er noko høgare enn kyrkjegolvvet. Då han skulle ned att, kunne han ikkje halde seg: Han la til med eit hopp! - Heilt til det siste laut han vise at han dugde.

Eit gjetord som gjekk om Gråmannen var at han var uvanleg sprek og hardfør. Eg tek med noko frå artikkelen til Kjetil O. Rygnestad, bror til Gofa, skreiv i årsskriftet til Agder Historielag:

Olav var ikkje høgvaksen, men var sterkt bygd. Han var utifrå støyghelsa og visste snaudt av å vere sjuk. Om han vart våt, skifte han aldri klæde. Han var så hardbalen at han og vart kalla "gråbeinen".

Å taka reven i spranget var eit av meistarstykkja hans. Ein dag gjekk han frå Lyseheidi til Homme, 5 mil, og bar om lag 50 kg. Ein gong han bar ein halv rein, sprang han eit stigsprang som det må spræke karar til å greie tomreipes (utan sekk). Ein gong han gjekk i dyreheidi (på reinsdyrjakt), råka han ein flokk med reinsdyr som han skaut på utan å råka. Dyri tok på sprang og han etter. Han fylgde dei om lag ei halv mil, og då skaut han eit dyr. Han tyktes ikkje verte pustefull som andre. Framifrå glup var han til å renne på ski i all slags lende. Han var ordgjeten til å arbeide. Han kunne slå som to gode karar. Trøytsla tyktest aldri få tak i han, og han hadde ein rygg som ei risnute. Det hefte han ikkje å binde (korn) halve målet utan å rekkje seg.

Sjølv om han var ein kjempekar og rask og ledig som få, var han ingen slåsskjempe. Eg tek med eit avsnitt frå ”Gråmannen ” i Jol i Setesdal 2009 som Olav O. Holen hev skriva:

Gråmannen lika ikkje slagsmål, han prøvde jamt å kome seg unna slikt. Men eingong han var i byen, vart han kringsett av 6-7 gutar som ville take han, dei hadde høyrte at han skulle vere så sprek. Gråmannen prøvde å sleppe frå dei, men dei stengde for han, og då han ikkje kunne kome seg unna, laut det stå til. ”I Jissu namn, då”, sa han og greip den næraste. Så svint på foten var han at dei ikkje fekk tak på han og det enda med at han jaga dei på flog alle saman.

Gråmannen var elles ikkje den som sette ljuset sitt under ei skjeppe. Han kunne like å vise seg fram. Han var sers flink til å danse. Ein gong køyrde han i firsprang gjennom gatene i Kristiansand medan han dansa på sleden.

Kjetil Rygnestad gjev han denne karakteristikken:

Olav var sers klok og gløgg, snartenkt og vissordig (god til å få sagt det) og han var framsynt. Han merkte seg ut frå folk i mange måtar, so han vart mykje rødd om, hermd etter, bisna på (forundra seg på) og ledd åt. Men kor rart det kunne synest, viste det seg at der var jamt noko i det han sa eller fann på.

Som då han som unggut rundt år 1800 var inne på at det måtte late seg gjere å fjuke (fly), også for menneske. Han funderte mykje på om han ikkje kunne lære seg å fjuke liksom ørni. Han laga seg vengjer av næver som han batt på armene sine. Han kleiv opp i ein høg raun og ville prøve dei. Han datt i ei steinrøys og mest skamslo seg. Han vart så ille medfaren at dei laut bere han heim i eit tjeld, men etter ei stund var han like god att. Det gjekk ikkje så godt, men berre det at han kom på tanken om å fjuke, mest hundre år før det vart ein realitet, seier ein del om mannen.

Skal vite om det er tilfeldig at barnebarnet hans, Ragnar Rygnestad, vart flygar og seinare vart formann i Flyhavarikommisjonen?

Han var svært oppfinnsam til å skaffe seg utkome. Han var ein god jeger og det vart sagt at han fekk meir fisk enn andre. Mamme, som var svært stolt over å vere av gråmannsslekt, fortalde at før han slengde uti, spytte han på makken og sa: ”Fiske, fiske, bit i, *for* Gråmannen slengjer uti”. Då eg vart så stor at eg tok til å fiske, gjorde eg det same. Eg tenkte det skulle gjere inntrykk på fiskekameraten min, men då han endra regla og sa: ”Fiske, fiske, bit i, *før* ’elle Gråmannen slengjer uti”, slutta eg meir med det.

Gråmannen var sers oppfinnsam og gjorde ting som andre ikkje kom på. Han skaffa seg ei god ekstraintekt med å plukke eit spesielt lav i Einang. Han

hadde høyrte at denne spesielle laven kunne brukast til å farge silke med, og at det vart godt betalt i Stavanger. Dette lavet voks i dei bratte fjellssidene i Einang. Han var ein våghals og utruleg god til å klive. Han fekk med seg kameraten Eivind Kyrkjeled, som også var ein uredd kjempekar. Dei vart forresten gifte med kvar si syster frå Syga Røysland.

Dei tvinna seg lange taug. Så vart ein av dei fira utfor fjellet medan den andre stod oppe og heldt. Kjetil Rygnestad fortel at dei på den måten kunne tene opp til 5 dalar dagen.

Eg har lenge lurt på kva det kunne vere for noko han fann i Einang. Eg fann svaret i "Planter og Tradisjon" av Ole Harboe Høgh. Her stend det:

Korkje (Ochrolechia tartaea) Denne laven er hvit (gulhvít, gråhvít), noe ujevn skorpe, noen mm tykk. Den gror på berg og kan løsnes med kniv. Dette har vært gjort i betydelig utstrekning her i landet, fordi den har vært et viktig fargeemne. Den ga en vakker rød farge som en ikke kunne få på noen annen måte. Den ble gjæret i urin og formet til små kuler. Foruten at den ble laget til hjemmebruk, har ferdig gjæret korkje vært en salgs- og eksportartikkel.

Olav vart ein meistarmed, og smiing vart etter kvart den viktigaste inntektskjelda hans. I "Gamalt or Setesdal" vart han nemnd som ein av dei gode ljåsmedane i dalen. Etter kvart satsa han meir og meir på finsmedarbeid. Serleg spesialiserte han seg på dørlåsar som var dirkefrie. Det meste av låsane klyvja han over heidi på Skinnvegen, og tok så båten til Stavanger, der han selde dei.

På ei av reisene til Stavanger heldt det på å gange gale. Om dette fortel Olav O. Holen ein historie som han truleg har høyrte av gofa, Olav O. Rygnestad (y):

Ein gong han kom over heidi kom han utfor så tykk ei skodde at han gjekk seg vill, sjølv om dei var godt kjende på Skinnvegen både han og hesten. Då kveldsmørket seig på, såg han til slutt ingen ting. Han let hesten styre veggen. Brått stogga hesten. Gråmannen gjekk då fram og tok hesten i grima og ville leide han. Han skrei då utfor ei fjellside. Han fortalde sjølv at han høyrde korleis beremeisen skrapa mot fjellet før alt var svart.

Først på morgonsida vakna han og fann seg liggjande i eit slett grøde under ei høg fjellside. Han greidde etter kvart å kome seg på beina. Han fann ut at han hadde vori heldig og ikkje råka på nokon stein, og ikkje broti bein. Grødet han låg i hadde gradvis dempa farten, slik at han ikkje hadde sleggi seg i hel. Men like godt hadde det ikkje gått med hesten. Han hadde komi etter og låg steindaud ved sida av Gråmannen.

Skodda var no letta og Gråmannen kunne kjenne seg att kor han var. Han halvt gjekk og halvt kraup den lange mili heim til folk. Og etter månadar med godt stell, kråna han til att og vart etter kvart like god.

Like sør for Ljosådalen, mest i høgde med Ljosåvatnet, er det eit fjell som på kartet er nemnd Gråmannsskreda. Truleg var det dette fjellet han skreid utfor på denne turen.

Då han var 30 år hadde han lagt seg opp så mykje pengar at han kunne kaupe seg gard. Han kaupte då Systog Rygnestad i 1823 for 600 spesiedalar. Dette betalte han kontant med unntak av 50 spesiedalar, ifylgje Vallesoga til Alfred Ryningen. Om dette skreiv Ketil Rygnestad:

Garden var liten og skrinn. Det meste var berre utmark å kalle, og groveleg mykje med stein. Olav tok til å brjota og grava, og han la opp steinrøyser store som lødor. Det var mest noko nytt, allvisst på Rygnestad. Folk "verka" (bruka jordi) uppatt, år etter år, på dei same åkerfleckjene, som det hadde vori heilagdomar. "Dei hev legi for likso gode menner fyrr, så kan dei visst liggje for oss au", let dei. Men Gråmannen gjekk ikkje etter det. Han braut opp til garden vart reint umskapt. Dei fyrste åri fekk han berre 7 tunnor korn. Og seinst han livde vart det 48 tunnor og mykje hø.

I Vallesoga stend det at i 1865, året før Gråmannen døydde, fødde dei 2 hestar, 11 kyr, 23 sauer og 11 geiter i Systog.

GRÅMANNEN PÅ DALSMARKEN

Det er ei soge som mange i slekti ikkje hev vore så interessert i å tale om. Eg tenkjer på då Gråmannen var på marknaden på Dalen og let seg narre av Sigrid frå Tokkedalen. Han vart så hugteken av Sigrid, og det enda med at han låg med henne. Utpå hausten kom ho til Rygnestad med stor mage og pressa han for pengarog sylv. Men ho var ikkje gravid, ho hadde berre stappe seg ut. Ho vart verande i Valle, så denne soga vart godt kjend.

Bygdediktaren Tormod Knutsson Borgjorde skriv ei skjemteviser om dette som vart kalla Gråmannsvisa. Hugin (Knut K. Bø) hev skrivi om denne Tormod Borgjore i "Varden"

Denne Tormod Knutsson Borgjorde var frå Kviteseid. Han var lærar, men arbeidde lenge som kontorist hjå futen M. H. Florenz i Kviteseid. Han vart seinare stortingsmann for Bratsberg i tri periodar. Men det var som forfattar til skjemteviser han var best kjend, for ikkje å seie berykta.

Han hadde høyrte denne historien om Gråmannen og Sigrid, og som den satirikeren og skjemtevisediktaren han var, skreiv han Gråmannshusvisa. Denne visa vart godt kjend både i Telemark og Setesdal.

Arne Aabø fortalde at Tormod Borgjorde ein sumar i ungdomen tok seg arbeid som slåttekar i Valle. Han song titt denne visa, men sa aldri kven det handla om. Likevel visste alle kven det galdt.

GRÅMANNS (HUS) VISA

Då Olav Gråmann kom seg på Dalen
trefte han Sigrid den skjøkja så grei,
vart han av elskhug så rasande galen.

Bad om ho ikkje vil seia han nei.
Sigrid ho kunne så mangt finne på,
ville ikkje Olavs begjæring avslå.

Så hende det seg i ei forsamling på tinget,
då var der folk som fekk sjå koss dei for.

Tok så den sellen så fælt til å springa,
hoppa eit gjerde tre alen frå jord.

Då fekk dei sjå at den soga var sann,
at reven slett ikkje var raskare enn han.

Sigrid var no so full ut av grillor,
full ut av klokskap og falskhet og svik.

Ho stappa sin mage så full ut av fillor,
at ho såg ut som eit utstoppa hit.

Seinast om hausten ho reiste til den
som ho som snøggast ha' havt til sin venn.

Då ho no kom der, den sellen var heime,
og han fekk sjå ho uhorveleg vid,
gjorde han ein akkord med henne åleine,
at ho for honum sku' seie seg fri.
Då fekk ho pengar og då fekk ho tjeld,
då fekk ho dagshyre nok for ein kveld.

Sigrid tøvra i bygdi så lengje,
at hennar svik blei for alle bekjent.
Olav han trega på det ho ha' fengje,
og honums syster til henne blei sendt.
Narra så av ho ei sye (sylje) i hast,
iunnan dei slutta, blei det veldig til kast.

Då dei kvarandre i hårfletta fata,
eg det 'kje såg, men det er for meg sagt.
Dei som det såg, sa at Sigrid 'kje bata,
skjønt ho var dobbel å rekne i makt.
Då dei kvårandre i hårfletton sleit,
Sigrid laut sleppe då Sæbyggja beit.

Fær no 'kje Sigrid atte si sye,
stemner ho Olav til Setesdals-ting.
Då fær han sjå at ho kan honum fye,
då fær han lense på medelen sin.
Då fær han sjå han hev komi i lag
med det forbannade Bratterud-slag.

Det hender tidt at ein mann blir bedregjen,
ut av ei skjøkje som steller seg godt.

Baketter blir han nok helste forlegjen,
difor sku' Olav forhånast med spott.
Alle hev lyte, og ingen er fri,
narra av skjebnen så mange kan bli.

GRÅMANNSSONEN

Olav, som tidt vart nemnd som Gråmannsonen, vart gift tvo gonger. Fyrst gifte han seg i 1863 med Margit Hallvardsdotter Utigard Røysland (1842-1864). Same året fekk dei sonen Olav. Både ho og barnet døydde året etter.

Året etterpå, i 1864, gifte han seg så med Ingebjørg Kjetilsdotter Lien. Ingebjørg er av Vond-Åsmundslekti i Nordigard Rygnestad. Tvo sterke og særmerkte slekter kom soleis ihop.

Det som seinare vart halde for å vere typisk gråmannseigenskapar, kan gjerne ha kome frå Nordigardsslekti. Slekti etter Vond-Åsmund var kjend for å vere svært konservativ: ”Me lote have det som me allstødt hev havt det”. Denne hangen til det tradisjonelle, og interessa for det gamle som hev fylgt slekti vår seinare, kjem trulegvis meir frå Nordigardsslekti enn frå Gråmannsslekti.

Olav og Ingebjørg fekk 9 born, 7 gutar og 2 gjenter. Ingen av gjentene voks opp, men alle 7 gutane vart sterke og særmerkte menn.

Olav Olavson Rygnestad, f. 1839, d. 1920, g. 2. gong med Ingebjørg Kjetilsdotter Lien, f. 1845, d. 1927

Born:

1. *Olav*, f.1863, g. 1896 med Gyro Hallvardsdotter Rygnestad, Uppistog, f. 1879 (Uppistog og Systog Rygnestad)
2. *Margit*, f.1869, d. 1869.
3. *Ketil*, f.1870, g. 1905 med Sigrid Olavsdotter Åmli, f. 1881(kaupte Nistog Åmli, bnr.3)
4. *Svein*, f. 1873, g.1903 med Gunhild Taralddotter Mosdøl, Bykle, f. 1885 (Byklum Utistog, bnr.2)

5. *Olav*, f. 1876, g.1901 med Jorunn Knutsdotter Tveiten, f. 1879, frå Nordigard Tveiten. Ho var barnebarn til Eidsvollsmannen Olav Knutsson Tveiten (Aareholti Rygnestad)
6. *Gyro*, f.1879, d.1881 (kikehoste)
7. *Åsmund*, f.1882, g. 1924 med Jorånd Hallvardsdotter Røysland (Utistog Røysland)
8. *Ånund*, f. 1885 (drog til Amerika i 1904, ug.), d. 1972
9. *Bjørgulv*, f.1888, g.1915 med Johanna Bentsdotter Kleveland, Laudal, f. 1891 (Ågset, Laudal)

SJU BRØR

Tarald Nomeland skreiv ein uprenta artikkel om desse brørne som han kalla ”Sju brør”. Han kjende godt til desse folki, då han budde der i tvo vintrar. Det måtte vere medan han var lærar i Oveinang. Han skreiv om Olav (Gråmannssonen) og Ingebjørg:

Olav var ein svirrebasse, snøggsinna, sprek og sterk som faren. Ein drivande arbeidskar, sparsam.

Ingebjørg var roleg av natur, klok og snill, grei og hjelpsam, eit fagna menneskje. Ho var som ei mor for meg.

Ingebjørg, som kom frå Lien i Oveinang, slekta frå Vond-Åsmund Rygnestad.

Det er lite av soger om Gråmannssonen, men han var nok som far sin ein sterk og dugande mann, men nådde nok ikkje opp til han, iallefall ikkje i originalitet.

At han var snarsint, tyder ein historie eg hev frå Gjermund Bø på:

Då han vart gamal vart han ein gong sjuk så han trudde han skulle døy. Han fann ut at det var på tide å skifte arven mellom sønene sine. Dei skjøna fort at han ikkje var så sjuk som han gjorde seg, og Svein kom til å drage på smilebandet. Faren for opp i sinne og sa: ”Du Svein fær ingen ting, for du lo!”.

Alle sju var gode arbeidskarar, og arbeidet gjekk som ein leik når alle var med i onnene. Men det kosta å fø fram ein stor barneflokk. Systog var ingen stor gard. Berre med stor sparsemd og maksimal utnytting av ressursane let det seg gjere å fø så mange menneske på eit slikt bruk. Men Olav og Ingebjørg var både arbeidsame og sparsame og greidde det godt. Tri av

gutane, Svein, Åsmund og Bjørgulv fekk gange lærarskulen og vart lærarar, i tillegg til at dei hadde gardar.

Dei var alle sers kulturinteresserte og las mykje. Dei var framifrå gode skribentar og dei hadde ei poetisk åre. Fleire av dei skreiv i blad og aviser, og det finst ein god del dikt, stev og songar etter dei. I "Sæbyggjen syng" er det fleire dikt av fem av dei.

Alle var dei nasjonale, men det var i ei tid der det å vere nasjonal var eit honnørord. Det vart ei ulukke for fire av dei. Både Svein, Åsmund, Bjørgulv og Kjetil gjekk inn i Nasjonal Samling.

Om dette skreiv Tarald Nomeland, som sjølv var svoren motstandsmann:

Men alle desse fire brørne var ufarlege N. S. -folk. Eg kjende tre av dei godt, og eg visste vel at frå dei trong ingen ottast noko vondt. Det var for mykje godt innhald i heile hopen til at dei kunne gjere simple verk. Men det fall ingen av dei inn, at det kunne vere landssvik å vera med i eit nasjonalt parti.

OLAV O. RYGNESTAD (e.)

**Gyro Hallvardsdotter Rygnestad, Uppistog, f. 1879, d. 1963
g. 1896 med Olav Olavsson Rygnestad, f. 1866, d. 1939**

Born:

1. *Olav*, f. 1899, d. 1904
2. *Sigrid*, f. 1902, g. 1944 med Augund Torgrimson Flateland, f. 1901 .(Flateland)
3. *Olav*, f. 1904, g. 1933 med Gyro Kjetilsdotter Rike, f. 1893. (Systog Rygnestad)
4. *Hallvard*, f. 1907, g. 1935 med Kristi Torgrimsdotter Homme, f. 1909. (Mosby)
5. *Knut*, f. 1909 g. med Inger Dorthea Mathilde Hoel, (Trondheim)
6. *Ingebjørg*, f. 1911, g. 1947 med Dreng Pålsson Brokka, f. 1904 . (Brokka, Valle)

7. *Kjetil*, f. 1916, g. med Marie Hovik.(Frøya)

Han vart gift med dotter åt grannen i Uppistog, Gyro Hallvardsdotter, i 1870. Ho var odelsgjente til Uppistog, så dei hadde då tvo gardar. Olav vart sidan alltid kalla Olav Uppistog ,sidan dei budde der.

Han var lik mor si av natur, roleg, klok og hjelpsam. Folk som trong råd og rettleiding kom til Olav, og han hjelpte. Han hjelpte så mykje at faren vart hyrren (irritert) på han: "Du gjer deg til fant for fillefolk", sa han ein gong til han (Tarald Nomeland: "Sju brør").

Tarald Nomeland skeiv minneord om han:

Han ville gjerne ha gått skulevegen,men foreldra ville ikkje lata odelsguten gå skulevegen. Så måtte han tileigne seg kunnskapane og lærdomen på eigen hand ved lesing og tenkjing. Og han vart ein sers tenksam og etter måten kunnskapsrik bonde, dertil framstegshuga og vidsynt.

33 år gamal kom han med i heradsstyret og var med i om lag 30 år. Han var levande interessert i skulen, og arbeidde all si tid for å gjere den så god som han trudde heradet hadde råd til. Både i heradsstyret og skulestyret var han støtt mellom dei som ville framover. I lang tid var han skulestyreformann, dertil forliksmann, skjønnsmann, domsmann, likningsmann m.m.

Elles var han ein strevsam bonde, hadde to gardar å stuke med, var mykje interessert i ættesoge, bygdesoge og folkeminne. I blad og tidsskrifter skreiv han ymist gamalt frå Valle og gav sjølv ut eit lite skrift om Vonde-Åsmund Rygnestad. Han hadde eit framifrå minne, og var vel den i Valle som kunne mest av gamle segner og soger, men det meste gjekk vel i grava med han, for det var etter måten lite han rakk å skrive ned.

Personleg var Olav ein snill og greisam bonde som hadde få uvener, rettenkjande og stillfarande,grei i omgjeenge med andre, sers morosam å røde med, vidsynt, kunnskapsrik, tenksam og skjemtesam som han var.

Han kunne dei gamle sogene om Vonde-Åsmund, og det var fyrst og fremst han, Olaf Bennecke brukte som informant då han skreiv romantrilogien om Vonde-Åsmund på 1920-talet (De bønder av Råbyggelag, Knekten Mundius og Rygnestadguten). Men Bennecke tykte visst ikkje det var noko grunn til å nemne kven han hadde det ifrå.

Men i "Agder Tidend" 20. august 1930 hadde Olaf Benneche ein artikkel om Olav O. Rygnestad. Der skreiv han om korleis trilogien om Vonde-Åsmund vart til. Han hadde skrive dei tvo fyrste bøkene og skulle til med den tredje boki.

I utgangspunktet hadde han berre tenkt å skrive ei skildring av setesdalsk middelalder. Hans fyrste informant var Gamle-Dreng Bjørnaraasom fortalde ein del om Vond-Åsmund. Etterkvart vart han meir og meir fasinert av Vonde-Åsmund-skikkelsen. Han hørde at Olav O. Rygnestad var den personen som visste mest om Vonde-Åsmund. Sjølv ætta han frå Åsmund gjennom mori, og han kunne betre enn andre desse eventyrlege sogene som var knytta til han.

Dette var sumaren 1930. Alle folk var på støylen og slo, Olav låg på Tyrvestøyl ved Bjørnevatn og slo. Saman med kameraten sin, Ludvig Gulbrandsen, bror til kona til Lars Osa, og ein yngre vitskapsmann, - la dei innover heidi. Dei heldt til på Bjørnevasshytta, men om kveldane var dei på Tørvestøyl og fekk Olav til å fortelje. Olav var 64 år, og var nok trøytt etter slitet om dagen, men dette kvikka han opp.

Om desse kveldane skreiv Olav Benneche:

Den kvelden ved Tøreviki har jeg titt og ofte tenkt tilbake paa. Kvelden var saa skjøn, en følte likesom evigheten var nær. Begrepet tid svandt bort. Det blev som de hendingene Olav berettet om, kunde ha hendt igaar, som om Aasmund, Hæge og Sissel ennu vandret over heia. Og Olav kunde fortelle! Med sitt rolige velklingende maal, og knappe, klare setninger. Saa klar og grei en utsikt over de heienes topografi skulle en aldri ha hørt. Han rullet heia op for ens blikk som et kart.

Olav var ikkje berre sogemann, han var som brørne sine også god til å formulere seg skriftleg. Men tidi strokk ikkje til. I tillegg til å drive tvo gardar, var han med i styr og stell i bygdi i over 30 år. Han gav ut ei liti bok, "Rygnestadguten", som kom i fleire opplag. På sine gamle dagar var han omvisar på Rygnestadloftet, og selde vel boki til turistar. Elles hadde han av og til innlegg i "Agder Tidend", helst om lokalhistoriske emne.

I 1930 hadde "Agder Tidend" eit stykkje om han med tittelen "Medlem av heradsstyret i 33 år":

Det var knapt ei nemd eller ombod han ikkje hadde seti, og i mange nemnder var han formann. Dette må ha teki mykje av fritidi hans. Ein kan berre tenkje seg kor mange gonger han hadde gjengi den dryge mili frå Rygnestad til Valle på møte, og kome attende seint på kveld.

KETIL O. RYGNESTAD

Sigrid Olavsdotter Åmli,Nistog, f. 1881, d. 1964
g.1905 med Ketil Olavsson Rygnestad, f. 1870, d. 1941

Born:

1. *Ingebjørg*, f. 1906, g. 1923 med Åsmund Olavsson Bø, f. 1900.
(Nørdre Bø)
2. *Olav*, f. 1908, d. 1976, ug.(Nistog Åmli)
3. *Margit*, f. 1913, g. 1941 med Hallvard Pålsson Dale, f. 1913.(Systog Dale)

Ketil er det naudsynt å bruke noko ekstra spalteplass på. Han var vel den av brørne som gjorde mest av seg, og han var vel kanskje den av brørne som hadde mest av Gråmannen i seg.

Han var fyrst og fremst bonde, men hadde like gode teoretiske evner. Som skribent var han eit oppkome som aldri tyktest trjote. Han skreiv dikt og prosa, kronikkar og avisinnlegg om nærsagt alle mogelege emner. Alt han skreiv var godt gjennomarbeidd og så klårt at ein trong ikkje vere i tvil om kva han meinte. Som den gråmann han var, hadde han alltid sin eigen vri på ting, sjeldan meinte han det folk flest meinte, men gjekk sine egne vegar. Han var svært konservativ på mange måtar, men på andre måttar var han ein framstegsmann. Ikkje minst galt det som bonde, der han alltid ville prøve nye måtar å drive på. Og han stilte alltid spørsmål ved etablerte sanningar.

Eg hev granska ein del av det han skreiv i "Agder Tidend". Det er så mykje at det kunne verte eit par bøker, berre det.

Ketil kom til Nistog Åmli, men skreiv seg for Ketil Rygnestad så lenge han levde. I Nistog Åmli reiste førre eigaren til Amerika med den store barneflokk sin; truleg var det like etter 100-årsskiftet. Men yngstegjenta Sigrid ville ikkje reise frå Åmli. Ho og mori budde på skjeltelet og såg etter mori så lenge ho levde.. Då Kjetil Rygnestad overtok Nistog Åmli, skilde ho seg (gjorde krav på) at ho kunne få bu på "skjeltelet" så lenge ho levde.

Det vert sagt at då Ketil kaupte garden var han så godt som trulova med ei gjente. Han skulle ha sagt til henne at det kunne ikkje verte noko av med dei, "for han hadde ei på skjeltelet".

Såleis budde Kjetil nede og ho oppe heilt til han ein dag kom opp til ho og sa: "Kan du ikkje likegodt flytje ned i stoga?". Det var eit noko utradisjonelt frieri, men dei vart gifte i 1905.

Det var kanskje ikkje den store kjærleiken i utgangspunktet, og kanskje ikkje seinare heller. Medan han var flittig, sparsam og arbeidssam, var ho heller makeleg anlagt. *Det* tykkjest vere stor einigheit om den saki mellom dei informantane eg hev tala med. Han måtte jamvel studre (stelle i fjoset), og det vart rekna for ei skam for ein karmann på den tidi.

Sigrid var liti og svirp (rask) og var sers mjuk i kroppen. Ein gong ho og Ketil høya, skulle ho rake saman høyet medan Kjetil var heim med lass. Ho var kanskje noko trøytt, for i staden for å rake, sette ho seg i soli for å kvile. Ho la føtene bak nakken og låg der som ein liten tull då Ketil kom attende. Han måtte hjelpe henne så ho fekk føtene laus. Ketil var nok ikkje mykje blid då.

Om Ketil skreiv Tarald Nomeland:

Nistog var til nedfalls både med hus og jord då Ketil kjøpte, men Ketil dyrka garden opp og bygde nye hus.

Han var ein trottig mann, murta jamt. Roleg av natur, mykje nytta i bygdestyringa, klok, men einsynt, ærleg all igjennom. Me var ofte i tattane på kvarandre både i tale og skrift, men eg vyrde han alltid av di han var så ærleg og alltid gjekk inn for det han trudde var rett.

Han skreiv mykje i "Agder Tidend", også noko i "Næmingen" og "Norsk Barneblad", og var all si tid ein trugen målmann.

Gjermund Bø fortalde ei historie om gofa sin. Det var på den tida som Heiberg kaupte opp heiane, og Åmliøndene diskuterte kva dei skulle gjere. Dei spurde Ketil, som vart rekna som ein klok og forstandig mann, kva han meinte. Rådet hans var: "De kan då skjøne at me må selje fyst' me kan få pæninge for gråsteine".

Ein av åndsfrændane hans var Torleiv Aakre. Dei stod for mykje av det same, var levande interesserte i det nasjonale og baa støtta dei den frilynde ungdomsrørsla. Baa var dei dugande bønder, og baa var dei svært skriveføre.

I "Agder Tidend" for 8. februar ? hadde Torleiv ein lang artikkel om Kjetil Rygnestad med tittelen "Ein fagnadmann".

I denne artikkelen fær ein eit godt inntrykk av korleis han var som menneske. Torleiv teiknar eit bilete av ein sjølvstendig tenkjande mann, frittalande og ærleg. Dermed skaffa han seg og motstandarar. Han var òg eit svært idealistisk menneske, var ein ihuga talsmann for den frilynde ungdomsrørsla, fråhaldssak og målsak og ikkje minst for bondesaki..

Torleiv Aakre skreiv at i ungdomen skilde han seg ut frå ”den ungdomen som drakk og tumla og livde liksom paa slump”. Var ei tid streng pietist, men dette frigjorde han seg frå etter kvart og vart vel ein slags grundtvigianer.

I ”Agder Tidend” hadde han ei framhaldsforteljing som han kalla ”Synsskifte”. Det handlar om ein ung gut sitt møte med det tronge , pietistiske miljøet, og korleis han kom ut av det og fekk sitt eige gjennomtenkte kristne livssyn. Det er tydeleg at det er hans eigen fridomskamp han skildrar. Som mange andre gråmenn fann han ”sin eigen veg til Faderen”, som Sigrid Kjelleberg uttrykte det.

Og han sette ikkje ljuset sitt under ei skjeppa. I uteljande avisartiklar og debattinnlegg skreiv han om desse sakene han brann for. Av utdanning hadde han berre ein vinter på amtskulen, men innleggi hans skilde seg ut og var velskrivne og klåre. Gråmannståtten kom fram på den måten at han i alle saker hadde sin eigen vri, som ofte gjekk på tvers av det folk flest meinte.

I lyrikken kom fram ei onnor side av Ketil, ei mjuk og poetisk side, og her kom det fram hans store kjærleik til garden, ætti og bygdi, og dei ideali han brann for.

Gamlelensmannen, Ole Lund, kalla han for Tolstoi. Han skriva ein stad om Kjetil: ”Det er alltid noe i det Ketil Rygnestad skriver”.

Som eldstebroren Olav på Rygnestad vart han au mykje bruka i bygdestyringi. Han var med i kommunestyret i 36 år, og til no hev ingen slege den rekorden. I tillegg var han med i mange andre styre. Ei tid var han formann i ikkje mindre enn sjau ombod. Han låg godt an til å verta ordførar, men av ymse grunnar var det Knut Nordstog Løyland som fekk det ombodet.

Enno hev eg ikkje komi inn på bonden Ketil Rygnestad. Sjølv om han hadde store åndelege interesser og stor intellektuell kapasitet, så var det fyrst og fremst bonde han ville vere. Då han kom til Nistog Åmli var garden utarma og vassjuk, steinut og tungdreven. På den tidi var det heilt uvanleg å dyrke ny jord; dei skjøna ikkje at Kjetil hadde råd til det. ”Eg synes ikkje eg hev raad til aa lata jordi liggje so lite ytande og arbeidsam”, svara Ketil. Til slutt sat han med ein av dei best drivne gardane i Valle. Han var svært interessera i nye driftsmåtar, nye sortar, og han var den fyrste som dreiv det stort med gris.

For dette fekk han hausten 1932 Aust-Agder Landbruksselskaps sylvmedalje. Framstående menn frå fylke og kommune møtte opp i Nistog Åmli og overlevera medaljen.

Han var av lynde konservativ, men i mange ting var han svært klårsynt når det galdt nye ting som kom opp. Som Torleiv Aakre skriva om han:

Ketil hev alltid havt det med aa tenkja og freista sjølv, utan aa taka større umsyn til motar og fordomar og kva andre menneskje trur og meiner. Alltid hev han vori fritalande, ikkje lirka seg fram, men busa fram med det han syntes var rett og godt.

Så til den politiske utviklingi hans. Som brørne Åsmund, Bjørgulv og Svein melde han seg og Sigrid seg inn i N.S. hausten 1940.

Til stortingsvalget i 1933 hadde Ketil som representera Bygdefolkets krisehjelp, gjenge saman med N.S. i ei felles valgliste. Ketil var på fyrste plass på denne lista, men lista fekk ikkje mange røyster.

Så langt eg hev lese innleggi hans i A.T. i 1930-åri, hevda han ikkje noko typiske N.S. - synspunkt, men han var sterkt nasjonal og han meinte at dei nasjonale kreftene burde stå saman. At bondepartiavisa "Agder Tidend", som han sette svært høgt, utpå 1930-talet begynte å få nazi-sympatiar, var nok med på at han vart påverka i same retning. Slik var det nok med dei tri brørne hans og mange andre nasjonale, idealistiske, men godtrugne valldølar.

Eg hev høyrte frå folk i slekti hans at han hadde nokså sterke antipatiar mot jødar. Det vart aktualisert ved at finansministeren i 1930-åri var jøde. Ketil var sterkt imot den økonomiske politikken som han førde, som kom til å slå negativt ut for bøndene. Det var ei tid då mange gardar gjekk under hamaren.

Så kan ein spørje: Er det noko i gråmannsslekti som gjer at fire av dei sjau brørne melde seg inn i N.S.? Det er ikkje godt å seie, men som ekte setesdølar hadde dei nok lett for å sjå opp til dei som var sterke. I denne slekti er det òg eit sterkt konkurranseinstinkt. I grunninnstilling var slekti svært konservativ, men kunne også slutte seg til noko radikale tankar når dei vart overtydde om noko. Dei var idialistiske, og var vel noko letturde?

Ein av informantane meinte at han utpå 1930-talet på mange måtar beundra Hitler. Han hadde jamvel ein stut som han kalla Hitler. Lat oss vone at det var fordi han tykte Hitler egentleg var ein stor stut.

Som nemnt melde han seg inn i N.S. saman med kona hausten 1940. I den samanheng er det verdt å merke seg at han frå våren 1940 vart mentalt forandra. Han som var ei urkraft, misste meir og meir fotfestet i det verkelege livet, og det enda med at han prøvde å hengje seg i Hallandsbrui, eller kaste seg i fossen der. Like etter vart han send til Eg Sykehus. Han døydde der eit år seinare.

Historien om dette evnerike og flotte mennesket som fekk utretta så mykje på så mange måtar - og som fekk ei så tragisk endelykt, hev gjort at eg hev fenge sterk interesse for han. Kven var han, og kva var det som dreiv han ut i katastrofen?

Mamme likte godt å fortelje om slekti si, som ho var ikkje så lite stolt av. Eg kan minnest at eg likevel fekk ei kjensle av at det var noko med Ketil som ikkje var greitt, som om noko hefta med han. Det same opplevde borneborni ; det vart mest aldri tala om Ketil. Han var mest som ein "persona non grata". Dette inntrykket vart forsterka , då han ikkje eingong vart gravlagd i Valle, men ligg på ukjent stad i Kristiansand.

Eg hev dei siste par åri interessert meg mykje for livssoga hans. Sidan han døydde i 1941, er det ikkje mange som hugsar han, men eg fann fire personar som meir enn gjerne ville fortelje om han.

Ein av informantane mine sa spontant då eg bar fram ærendet mitt: "Det var rart at du kom idag. Eg hev plent sete og sett hit i Åmli og tenkt so mykje på Ketil. Forresten, det gjer eg stadig". - Ho hadde så mange gode minne etter han. 75 år etter at han døydde på så tragisk ein måte, var det få menneskje som ho minstest med så stor glede som han.

Informanten min vart farlaus då ho var tri år, og mori sat att med sjau born. Då var det godt å ha ein granne som Kjetil. Når det var noko som var vanskeleg, var Kjetil mori spurde til råds.

Ho minnest at han allstødt var godt i lag. Alltid morosam å tale med. Når han var ute å arbeidde, kunne han kvede, med si grove bassrøyst, så det dver(g)mola i nutane.

Alle dei fire informantane eg tala med såg attende på han med stor glede og respekt.

Eg spurde dei og om kva som skjedde med han i 1940. Alle kunne dei fortelje at han endra seg radikalt frå våren 1940. Ein informant meinte at han hadde vorte senil, då han sa så mykje rart. Ein annan kunne treffa på han ute midt på natti. Han sa at han fekk ikkje sove. Han kunne då stundom midt på natti vere på veg til dyrkingsfeltet han hadde innpå heidi. Var det næringsut som hadde grepe fatt i han ?

Så var det ein tidleg haustmorgon i fyrstningi av oktober 1940. Ein frå Åmli stod på Hardstadberg og venta på bussen. Då høyrde han rop frå Hallandsbrui, der Ketil var utanfor rekkverket. Han let seg redde, og nokre karar tok han mellom seg og fekk han heim til Nistog medan han ropa om hjelp. Informanten min hugsar ho stod i tunet og høyrde kor han ropa. Dagen etterpå vart han send til Eg.

Eg sat att med mange spursmål. Kva var det som hende med han i året 1940, som gjorde at denne trauste og sterke mannen med dei store ideala og med dei store tankar om menneskelivet, vart knekt, og fekk ein så tragisk lagnad?

Det ser ut som om han denne våren gjekk inn i ein djup depresjon, så djup at han misste taket på det røynelege livet. Det er nok ein viss genetisk

disposisjon i slekti, men kva var det som utløyste det heile? Hadde det noko å gjere med krigen og invasjonen av Noreg? Hadde han oppdaga at han hadde teke feil og vorte lurt? Men kvifor melde han seg inn i N.S. denne hausten, ikkje mange dagar før han ville kome seg ut av dette livet? Tenkte han då rasjonelt og klårt som han bruka å gjere, eller hadde sinnet alt vorti formørka?

Eg tenkte og vona at nokre av svari låg gøymde i den 75 år gamle journalen frå Eg sjukehus. Saman med barnebarnet hans, Gjermund Bø, freista me å få tilgang til journalen. Etter ein del fram og tilbake fekk me endeleg løyve.

Eg hadde håpa på at me i journalen kunne finne svar på kva det var som førde til denne tragiske situasjonen, men eg vart ikkje så mykje klokare.

Av journalen gjekk det fram at han, 70 år gamal, vart innlagt på Eg sykehus den 13. oktober 1940. Det var dagen etter at han vart funnen på Hallandsbrui. Han vart fylgd på sjukehuset av sonen og svigersonen, og det var dei som svara på spursmåli til legen. Ketil sjølv var ikkje i stand til å gjere greie for seg.

Dei fortalde at han hausten 1939 hadde eit fall i ei trapp og slege seg så i hovudet at han ikkje var istand til å arbeide etterpå. Men dei psykiske forandringane byrja ikkje før våren 1940. Det er verdt å nemne at dette fallet hadde informantane mine ikkje høyrte noko om.

(Det kan tenkjast at det var ei "grei" forklåring for familien. På den tid var det stor skam å ha nokon med psykiske problem i familien).

Det begynte med overdrivne økonomiske bekymringar og hypokondriske idear og han vart meir og meir rastlaus og rådvill.

Om sjølvordforsøket stend det at han ville gjere ende på seg med å kaste seg utfor Hallandsbrui, men at Sigrid hadde oppdaga det og sende nokre karar til hjelp.

I journalen kom det ikkje fram noko som kunne forklåre kvifor det gjekk som det gjekk.

I dette året på Eg var han meir og mindre forvirra, var rastlaus og uroleg. I ein lang periode hadde han fenge det for seg at han skulle krossfestast, og han skreiv benådningsbrev til direktøren. Ba legen om at han kunne verte teken livet av på "en pen måte". Han som alltid skreiv eit godt og klangfullt nynorsk, nytta i desse brevi bokmål. Etter vel eit år i meir eller mindre forvirra tilstand døydde han 8. november 1941.

Journalen frå Eg kasta ikkje mykje ljøs over siste delen av livet hans, anna enn at det vart konkludert med at han leid av ei melankoliform psykose utan noko sikker utløysande årsak.

Som før nemnt melde han seg inn i N.S. hausten 1940. Då hadde han vori psykisk sjuk nokre månadar. Under opphaldet vart han spurd om politisk verksemd, og hansvara då at det var bondepartiet han arbeidde for, og la til, ”for at de skulde samles”.

Det må vel tolkast slik at han ikkje rekna seg som N.S.-mann, sjølv om han nyss hadde meldt seg inn i partiet. Kanskje han såg det som si oppgåve å arbeide for at alle nasjonale krefter vart sameinte? Det var vel òg det prosjektet han arbeidde for i 1933 då Bygdefolkets krisehjelp gjekk saman med N.S. i stortingsvalet same år.

SVEIN O. RYGNESTAD

Gunhild Taraldsdotter Mosdøl (Utistog Byklum), f. 1885, d. 1974, g. 1903 med Svein Olavsson Rygnestad, f. 1873, d. 1950

Born:

1. *Ingebjørg*, f. 1905, d. 1970, ug og heimeverande.
2. *Torbjørg*, f. 1907, d. 2003, g. med Olav Dregngsson Byklum.(Åseral)
3. *Tarald*, f. 1911, d.1995, g. med Birgit Olavsdotter Gjerden, Myri. (Utistog Byklum)
4. *Gyro*, f. 1914, d. 1914
5. *Olav*, f. 1915, d. 1915
6. *Olav*, f. 1918, d. 1993, ug. og heimeverande
7. *Gyro*, f. 1923, ug.(Kristiansand)
8. *Ragnhild*, f. 1929 g. med Torjus Olavsson Nomeland. (Mosby)

Svein gjekk også skulevegen. Som brørne Åsmund og Bjørgulv vart han lærar og bonde. 30 år gamal gifte han seg med odelsjenta i Utistog Byklum, Gunhild Taraldsdotter Mosdøl. Ho var dotter til den mykje omtala lærar og kyrkjesongar Tarald Mosdøl.

Som svigerfar sin var også Svein lærar og kyrkjesongar i Bykle, men det var nok ikkje så lett å fylle plassen etter Tarald.

Eg tek med noko som Tarald Nomeland skreiv om Svein i "Sju brør":

Svein var ikkje av dei ljósaste hovuda, men han var grei som lærar, borni likte han. Han vart NS-mann og ordførar under okkupasjonen 1940-45, men han var ein ufarleg NS-mann. Lærar Gjermund Hoslemo var ofte grov og uvyrden i ord til han, men Svein svara ikkje med same mynt. Han kunne vori farleg for Gjermund, men han ville ikkje nokon vondt. I Valle vart tre av lærarane arresterte og utleverte til tyskarane, i Bykle ingen –. Dette seier nokså mykje.

Som dei andre i slekti hadde han ei poetisk åre og skreiv ein god del dikt og songar. Eg tek i denne utgreidingi med tvo dikt av han. Det eine er eit dikt han skreiv til gofa Rygnestad, Olav Aareholti, til 65-årsdagen hans. Det andre er eit dikt om yngstebroren Ånund som reiste til Amerika, og som ikkje gav livsteikn frå seg. Desse dikti stend seinare når eg fortel om desse tvo brørne.

Mange av dikti vart prenta i "Agder Tidend". Dikti var høgstemde og sterkt nasjonale, men ofte var dei knytta til dagleglivet her i dalen.

Som brørne sine, Stor-Olav, Kjetil og Aasmund var Svein medarbeidar i "Agder Tidend". Som Kjetil dekkja Valle, dekkja Svein det som hende i Bykle. Han var fast meldar og skreiv om årsvekst, jakt og fangst og alt det byklaren var oppteken med. Ikkje sjeldan skreiv han artiklar om kulturhistoriske emne og segn og soger frå Bykle. Såleis kunne han minne noko om det Torleiv Aakre skreiv i avisa, men det var ikkje så grundig og velskrive.

Han engasjera seg i dei ymse spørsmål som var framme i tidi. Som Kjetil Rygnestad skreiv han mykje om bøndene og levevilkåri til bøndene. Han vart etterkvart byklar, men han som hadde vokse opp i relativt gode kår i Valle, hadde tydelegvis vanskeleg for å skjønne kor hardt det var å greie seg i Bykle.

Mange av avisinnleggi hans handla om kristendom. Medan svigerfaren Tarald var høgkyrkjeleg og noko einspora, hadde Svein eit friare og åpnare syn både mot høg- og venstresida i det kristelege landskapet i Bykle. Då det skulle byggjast bedehus i Byklum krins i slutten av 1920-åri, gav han fri tomt, og det var ikkje svigerfaren noko begeistra for. Han omtala også pinsepredikantane Gunnar Lofthus og Johans Bakken i rosande ordelag då dei virka her i slutten av 1920-talet.

Samstundes var han positiv til det frilynde ungdomslaget som Knut Hoslemo fekk i gang, og var foredragshaldar på ungdomsmøti deira. Han var ein av

dei få støttespelarane Knut Hoslemo hadde i det kristeleg miljøet i Bykle. Då Knut døydde i 1929 skreiv Svein eit fint minneord om han.

Han kasta seg gjerne ,med stort temperament og engasjement, inn i diskusjonar i "Agder Tidend". Ikkje alt han førde i pennen var like gjennomtenkt, og han tok gjerne beinvegar når han vart pressa. Han fekk såleis mykje juling i avisa. Like fullt var han stadig framme i avisspaltene i 1920- og -30- åri, men ikkje på langt nær i same grad som broren Ketil.

Han vart tidleg med i styr og stell i Bykle, og som nemnt vart han ordførar i krigsåri. I det eg hev lese av avisinnleggi hans, var det ikkje mykje av typisk N.S.-retorikk, men han stod for eit svært reaksjonært samfunnssyn, ikkje minst gjekk han inn for sparelinja både kommunalt og privat.

I 1920-21 var det ein skarp diskusjon i "Agder Tidend" om den påtenkte Haukelivegen som kom i 1939. Dette tykte Svein var tull og tala og skreiv mot desse planane:

"Me må fyrst og fremst faa god pukklagd veg oppetter dalen, og so - ja so faar me sjaa kva me maktar."

OLAV O. RYGNESTAD (y.)

**Olav Olavsson Rygnestad, f. 1876, d. 1951, g. 1901 med
Jorunn Knutsdotter Tveiten, f. 1879, d. 1940**

Born:

1. *Ingebjørg*, f. 1902, g. 1927 med Olav Gunnarson Holen, f. 1899. (Holen, Myri, bnr.1)
2. *Angjerd*, f. 1904, g. 1927 med Odd Pålsson Byklum, f. 1909. Byklum, (Holti, bnr. 4)
3. *Gyro*, f. 1909, g. 1940 med Bjørgulv Folkeson Nesland, f. 1909. (Nesland, Viki, bnr. 4)
4. *Helga*, f. 1911, d. 1987, ug.
5. *Gyro*, f. 1912, g. 1939 med Mikkel Olavson Holen, f. 1912.(Holen, Der oppe, bnr. 2)
6. *Birgit*, f. 1913, d. 1916

I "Sju brør" hev Tarald Nomeland ein presentasjon av gofa Rygnestad, som eg kalla han:

Han fekk småbruket Aareholti av far sin og vart alltid sidan nemnd Olav Aareholti eller Aareholten. Av vokster var han den minste av brørne. Han var roleg og stillfarande, smånøgd og smånøtande (klara seg med lite), ein gruvlar og filosof, ein Sokratestype.

Mang ein vinter låg han på heia og fanga ryper. I si einsemd om kveldane grubla han over religionen og over mennesket og livsens gåter. Han hadde meiningar om det meste.

Gofa vart av brørne sine rekna som den mest gåverike, ifylgje Stigand (Torjus Åkre), som skreiv minneord om han. Gofa fekk også tilbod om å gange lærarskulen, men han av slo. Han sa at dei som var veikhelsa heller kunne på skular. Han som var sterk og arbeidsglad, kunne vere bonde. Dessutan var han for glad i å stelle med jordi, og han elska det frie livet i skogen og heiane, så han valde slitet. Han fekk overta eit lite småbruk, Heimre Aareholti, og her klarte han å skaffe levebrød til den etter kvart store familien sin. Han dyrka opp det som var mogeleg å dyrke. Om vintrane låg han ved Bjørnevatn og sette snarer. Det vart sagt at det var ingen som fekk så mykje rjuper som han.

Mamme fortalde at ein gong heldt det på å gange gale. Det vart ei skodde så han ikkje visste kor han var, og mørkret fall på..Han ynskte berre å leggje seg i fonna, men tanken på kone og dei seks smågjentene han hadde heime, gav han krefter. Ei heil natt gjekk han rundt og rundt ein stor stein - heilt til morgonen kom og han kjende seg att.

I "Jol i Setesdal 2002" skreiv Olav O. Holen eit stykke om vår felles gofa: "Olav Åreholti, minne om ein ekte Setesdøl". Her skriv han så fint om gofa: *Han fann så lett noko å glede seg over. Når det galdt naturen kunne han vise ei barnsleg glede over den første blomen om våren, over trekkfuglane som alltid kom attende, over underet som låg gøymt i kvar ny vår. Han vart aldri ferdig med å undre seg over skaparverket.*

Det var viktig å leite etter dei gode tingi, det som kunne gjere dagane lette. Eg minnest serleg korleis gofa kunne hyggje seg – når dagen var slutt – over det arbeidet som var gjort. Også når helsa svikta og han ikkje lenger kunne makte så mykje, kunne han glede seg over det vesle han greidde. "Kunsten er å sjå det store i det små", sa han so jamt.

Torjus Åkre skreiv minneord om han då han døydd i 1951 med tittelen "Trufast slitar, diktar og filosof". Der skreiv han mellom anna:

Men Olav grov seg ikkje berre ned i matstræv og slit. Han las alt han kunne kome over, bøker og blad, då visst Bibelen, og han eigna til seg eit friskt og vidsynt religiøst livssyn. Og slik han lærde, slik levde han. Difor let han etter seg berre vener og ljose minne.

Han fylgde godt med i alt som hende både heime og ute, og gjorde seg opp si eiga meining om ymse straumdrag og spørsmål som var oppe i tida.

Om hans religiøse ståstad og hans livssyn skriv Olav O. Holen:

Det er snautt at han vart rekna med i kristenflokken, slik folk flest forstod det. Mange tykte han var for frilynd. Om ein plasserte han som gruntvigianer, var ein vel ikkje langt unna sanninga. Han kunne forsvare dans og folkeviseleik, berre det gjekk sømeleg for seg, og det var det ikkje alle som kunne godta. Men kristentru hans var djup og ekte, og han fann dagleg trøyst i henne.

Han var glad i å lese, serleg glad var han i historie. Han kunne sin Snorre omtrent på fingrane. Bibelen hadde han og lesi mange gonger. Han var særleg interessert i gamalt, tru og overtru, segn og søge, gamal sed og skikk.

Eg veit snautt eit emne som han ikkje var med å diskuterte. Kom det folk innom – og det gjorde det jamt - kom røda på glid. Alt etter kven som kom, kunne samtalen handle om politikk, om livssyn, om nyhende heime og ute, eller om gamle rispor og hermer, eller om karstykke dersom rette mannen kom innom. Menneskesynet var stort sett ljost. Han valde å stole på folk, og ein kunne sjå han gledde seg når det gjekk godt for folk.

Gods og gull var ikkje det han hadde mest av, men dei pengane han hadde skulle brukast rett. Noko skulle alltid legjast til sides, slik at ein kunne greie seg om noko ekstra kom på. Og det var alltid nokon som hadde det verre som kunne trengje ei hjelpande hand i blant.

Bror hans, Svein Rygnestad i Bykle skreiv så ven ei song til han på 65-årsdagen til tona ”Blant alle lande”:

*Av mine brødre i sø og vest
stend Aareholten mitt hjarta nest.
Ja djupt der inne eg gøymer minne
til augo brest.*

*Om mykje motgang du heve mødt,
og tunge tankar deg heve grøtt.
Alt hev du bori, og endå vori*

den same stødt.

*Um noko møter, so veit du råd,
og alt du sei' er å tenkje på.
For klokskap hev du, og lærdom gjev du
til stor' og små.*

*So mange år hev me vor' i lag,
tenk, sekstifem fyller du i dag.
I leik og gaman so var me saman
i lyd og lag.*

*Ja, Gud velsigne deg kor du fer,
og når du reisa skal slutte her,
so vil eg beda, du æveleg gleda
må finna der.*

Byklum, 24. mai 1941

Som dei andre brørne sine var også gofa skrivefør. Han hadde eit vart poetisk sinn som kom til uttrykk i dikt, stev og songar. Diverre er nok mykje av det komi bort, men i "Sæbyggjen syng" er han representert med tvo tekster. Det er hans Sætesdalssong og diktet "Eg elsker deg du vene hei".

Som nemt var gofa ein mann som las og tenkte mykje. Han hadde eit vidt interessefelt og så vidt eg kan skjøne var han ein rasjonell mann. Han trudde likevel fullt og fast på tussar og underjordiske, rett og slett fordi han hadde sett dei opptil fleire gonger.

I eit av årsskrifta for Agder Historielag skreiv Torjus Aakre ein artikkel om tussane og tussetru. Der vart gofa nemnt som den siste i dalen som hadde sett tussane. Ja, ikkje berre tussar, men òg tussekyr. Heile livet var han overtydd om at dei underjordiske var til. Eg hugsar sjølv at han fortalde om det han hadde sett. Det var små gråkleddede menn og kyrne var også små og grå.

At folk såg dei underjordiske både tidt og ofte har vorti forklåra med overtru kombinert med god fantasi. Gamlelensmannen Juel Lund hadde ei anna interessant forklåring. Han meinte at det folk hadde trudd var tussar og tussekyr rett og slett kunne ha vori lappar med reinsdyr. Frå 1850-talet og utover var det tamreinflokkar i fjellområdi her, og ofte var det lappar som gjætte dyri. Det som gofa var sikker på at han hadde sett, kunne godt vere lappar med reinsdyr.

Diverre er det ikkje så mykje eg minnest etter gofa. Eg var berre 8 år då han døydde. Det var heller ikkje tidt me kunne ta den lange reisafrå Nordbygdi til Rygnestad. Eg var der berre tvo gonger som eg kan minnest. Eg minnest det som ei lang og omstendeleg reise.

Bussen kom til Svingen, eg trur det var halv sjau. Papa måtte allstødt ha rikeleg tid, så me måtte rise opp lenge før klokka var fem. Og så var det bussturen etter svingute vegar; eg minnest eg vart bilsjuk og spydde. Me steig av i Lunden i Oveinang og gjekk snarvegen opp *Røne*. Eg var altfor liten til å få noko større minne etter gofa, men eg minnest godt at han fortalde soger om dei underjordiske.

Sumaren 1950, året før han døydde, kom han på besøk til oss medan me var på støylen. Då skar han namnet sitt over mjølkhusdøri. Så krank og krøkt som han var alt då, var det ein prestasjon at han klara å take seg fram på den tunge og steinutte støylsvegen.

Eg minnest så vel den kvelden han kom. Eg såg han kom nordover Støylemidjom. Eg var då 7 år og hadde teki fatt på å slå støylen medan dei andre heldt på å slå heime. Eg nøytt meg med å finne fram stuttorvet mitt og slo på harde livet då han kom stigande. Det gjekk som eg hadde venta, han stansa og skrytte av kor fæl ein slåttekar eg alt hadde vorti.

Å KRØKJE SYDDI I BYKLE

Den fyrste som gifte seg i Bykle var eldstedottera Ingebjørg som vart gift i Myri Holen i 1927. Det vart mange ungar som kom svært tett og til slutt kom eit tvillingpar, Knut og Jorunn. Det vart travelt for Ingebjørg, og både mamme (Lisle-Gyro) og Store-Gyro var i periodar på Holen for å hjelpe til. Såleis vart mamme kjend med papa på nabogarden, og i 1939 vart det giftarmål. Året etter vart det brudlaup på nydyrkingsbruket i Viki, på sørsida av Bossvatnet, rett ovanfor Nesland.

Gofa Rygnestad var sjølvsagt i det brudlaupet. Som Gråmannen var gofa kjend for å vere vissordig (god til å få sagt det). I brudlaupet kom han med eit utsagn som seinare vart mykje hermt:

”Eg gjev meg ikkje før eg hev krøkt syddi i Bykle”.

Med det meinte han at han venta på at den fjerde dotteri også vart gift i Bykle, noko som vart ein realitet då Angjerd gifte seg med Odd Pålsson Byklum i 1945.

Det er ikkje så mange nolevande menneske som veit kva det er å *krøkje syddi*. Det er difor naudsynt med ei forklåring:

Syddi er dei fire fyrste stokkane i eit tømmerhus. Når dei vart hogne til, kunne dei krøkjast isaman, og så hadde ein det fyrste stokkeradet; då hadde ein krøkt syddi.

Gofa vart 75 år. Dei siste åri var han mykje krank etter alt det tunge slitet han hadde hatt. Våren 1951 vart han liggjande. Då var det godt han hadde dotteri, Helga, til å hjelpe seg. Han var like klår til det siste. Medan han låg på sotteseng, skreiv han eit siste stev

. Eg ser for meg at han låg der med opi glas og hørde på fuglesongen og lydde til bruset frå Rygnestadåne.

Våren kjem med so mange minne.

Det bryt og brenne så hardt her inne.

Med fuglesong og med sus frå å,

det er som ei blanding av lått og gråt.

No er det att å fortelje om dei tri yngste gutane, i Systog Rygnestad, Åsmund, Bjørgulv og Aanund. I motsetnad til dei fyrste fire gutane veit eg lite, stort sett berre det som stend i Valleboki.

ÅSMUND O. RYGNESTAD

**Jorånd Hallvardsdotter Røysland, Utistog, f. 1890, d. 1969,
g. 1924 med Åsmund Olavsson Rygnestad, f. 1882, d. 1963**

Born:

1. *Ingebjørg*, f. 1925, g. 1949 med Dreng Torsson Lunden, f. 1905 (Lunden,Valle)
2. *Olav*, f. 1926, d. 1927
3. *Olav*, f. 1928, g. 1958 med Inger Margrethe Vibe, Trondheim, f. 1930 (Trondheim)
4. *Hallvard*, f. 1928, g. 1967 med Gunhild Knutsdotter Lunden, Bykle, f. 1937 (Røysland)

Som brørne Svein og Bjørgulv fekk han au høve til å gange lærarskule. Ifylje "Bygdebokskrifter frå Valle og Hylestad" gjekk han Notodden Lærarskule 1901-1904. Etter det var han framhaldsskulelærer i Hornnes, uvisst kor lenge. Så fekk han lærarposten i Oveinang der han var lærar i ca. 30 år

I Oveinang var det på den tid store årskull, og på vestsida var det framleis umgangsskule. Skulen var då på "skjeldteli" rundt om på gardane, som sikkert var kalde og trkkfulle.Torjus Aakre skriv at det gav han ein helseknekk , so han gjekk av med invalidepensjon i 1934.Han vart rekna som ein dugande lærar som var flink til å få borni med seg.

Han hadde mykje av dei same interessene som dei andre brørne sine. Han var med då det vart skipa eit frilyndt ungdomslag i Oveinang, og dei fekk jamvel bygt eit ungdomshus. Både der og i det kristelege ungdomslaget i Valle vart han bruka som foredragshaldarar. Han var og av dei som sende inn små stykkje til "Agder Tidend". Det var helst tradisjonsstoff han skreiv om. Han skreiv og dikt og songar, men det er uvisst kor mykje som no er teke vare på. I "Sæbyggjen syng", er han representera med eit dikt som heiter "På Hægeberg".

Han hadde såleis mykje av same interessene som fleire av brørne sine, men eg trur ikkje han hadde same format som dei. Han var lite eller inkje med i styr og stell i bygdi, men han var, - som mange andre valldølar - engasjert på høgresida i det politiske landskapet på den tidi. Han melde seg og huslyden inn i NS, og det er sagt at han var ein overtydd NS-mann. Det fekk han bøte for etter krigen då han fekk ei heller stor bot.

Åsmund fekk kaupe Utistog av bror til kona.

Utistog var eit lite bruk på Røysland som i 1905 vart skilt ut frå Utigard Røysland. Bror til Jorånd som hadde bruket ,flutte i 1927 med familien sin til Øvrebø, og Jorånd og Bjørgulv fekk kaupe egedomen og flutte dit i 1928. Det var ikkje store egedomen, så det var nok ikkje mykje å leve av. Som dei andre brørne var han truleg flink med pengar, for han klara å kaupe meir jord og skog, m.a. ein skogteig i Flatlandslidi.

Det var nok ikkje med lett hjarta han slutta i skulen. Torleiv Løyland på Flateland hugsar at medan han gjekk i skule på femtitalet, var det rett som det var at Åsmund sat i skulestova og hørde på undervisningi.

Jorånd var av same slekti som fyrste kona til Gråmannen, Margit Hallvardsdotter Utigard Røysland. Ho var syster til gofa til Jorånd.

Jorånd hadde ni syskin; tvo av dei reiste til Amerika, Olav og Tarjei. Tarjei vart utkalla i den fyrste verdskrigen og han fall ved slaget ved Marne i Frankrike. Bjørgulv Austad hev dikta ei song om Tarjei, som var mykje brukt her i dalen. Han legg ordi i munnen på "Vallegjente".

Eg kan minnest at mamme song så jamt brotstykkjer av denne songen.

Til Torgeir Røyslands minne

Eg sit på Einang og kring meg skodar,
og foss og fuglesong tyt og ljodar.
Eg sit og grundar og græt og syng,
i bragd av blommar og lauv og lyng.

Ein ungdoms lagnad seg ymist vender,
ein gaar 'kje at for det tunge hender.
For um ein trur seg i kjærleik fest,
er det tidt at fagraste voni brest.

Ja - voni brast! Eg stend att åleine.

med berre minni - dei ljose, reine,
um guten min som var tru som jord,
mot meg og heimen, mot far og mor.

Han ville ut for aa lukka finne.
På dei i eino han laut meg minne.
Og di so drog han i vesterveg
med ljose voner for seg og meg.

Til franske slaglina vart han kalla,
kven kunne tru det mot gravi halla.
Men fallen er han i Marne-slag
i kamp for storheimens nye dag.

Den heiderskransen som av eg sender,
han kan 'kje berast av menneskehender.
For det er hugen og åndi mi,
om usynleg sviv yver gravi di.

Gud signe deg , der du ligg og kviler!
Ditt minne livslengdi um meg liver.
For du var trugen mot lov og land,
so du livet let paa ei onnor strand.

Ja, vedmodstaaror dei moge renne
Og sog a um deg ,seg inn vil brenne!
Det er tungt, men ingi fortvila sut;
for du fall med ære, min staute gut!

ÅNUND O. RYGNESTAD, f. 1885

Han reiste til Amerika i 1904; han var då 19 år. Han gav ikkje noko livsteikn frå seg før ein gong på sine gamle dagar. Det kunne mest sjå ut som om han rymde frå eitkvart.

Olav H. Rygnestad fortalde at husi i Systog brann i fyrstningi av 1890-åri. Han fortalde at Ånund og Bjørgulv hadde leika med fyrstikker og var såleis skuld i brannen. Det gjekk nok mest utover Ånund som var eldst av dei tvo. Me veit at faren, Gråmannssonen, var ein hissigpropp og ein kan tenkje seg, utan at eg veit noko om det, at det kunne ha vori eit vanskeleg forhold mellom dei seinare. I allefall reiste han som 19-åring til Amerika og så lenge foreldri livde visste dei ikkje om han var levande eller død. Dette var mori si store sorg i livet som ho aldri kom skikkeleg over.

Svein Rygnestad tolkar denne sorgi i diktet "Song til den utflutte sonen". Her legg han ordi i munnen på mor si.

SONG TIL DEN UTFLUTTE SONEN

Då du reiste, det var det verste,
eg trudde hjarta mitt kom til å breste.

Då du reiste, det var ein vår,
eg gret så lenge eg ha ei tår.

No sviv du einsam der ut' i verdi,
og mykje møter deg der på ferdi.
Men eg er med deg på all din veg,
og mang ei bøn hev eg bedt for deg.

Eg hev bore deg under barmen,
og halde deg hev eg deg tidt på armen.
Eg tykkjest sjå deg, min snilde gut,
då du var liten, sprang inn og ut.

Og når eg høyrde du gret i vogga,
so gjerne vilde eg gråten stogga.
Når du var sjuk, ja, då ynskte eg,
at det du leid, det vart lagt på meg.

Men helst i joli eg tenkjer på deg,
der innmed bordet eg tykkjest sjå deg.
Med tårutt auga eg segjer so,
min snilde boa, kor er du no?

Ja, mange gonger eg tenkjer på deg,
og brev og helsing eg ventar frå deg.
For då me skildest du lova godt,
at du sill' skrive bå' titt og trått.

Men no flyt eg snart frå desse dalar,
so fær eg reise til himlens salar - .
Der er eg fri i frå sorg og sut - ,
du kjem vel etter, min snilde gut?

Svein Rygnestad.

Fyrst på slutten av livet gav han livsteikn frå seg. Eg fekk låne eit brev av Olav H. Rygnestad der Ånund skreiv til Gyro Rygnestad, kona til Store-Olav:

Fargo 14/ 1 1953

GodDag Gyro aa tak for sist eg mot tok dit brev som du sente me aa Tusen tak skal du ha eg kan aldrig gløme dei aa so heimen men der eg heve vore mæ eg va baan for de er nokaa eg ten(k)jer paa ale tier og det maa eg seie i jen for eg hade ein goe Heim so lenje eg va Heime sjaa ho Mor for de taare eg sei i jen men du ser de de ein ten(k)jer mye paa naar han er ung men naar ein blir gamel daa ten(k)jer ein paa de

men de ser lit mort ut her i lande so lenge dene Krigen er

Aa so no faar vi en ny Presedent aa hans navn er Dwight D. Eisenhower som du har vel hørt snake møje um aa de er hart aa seie kose de blir da.

Eg saag han her i Fargo en gang i somar han helt en tale daa han sa de at vist eg blir Presedent so skal krigen bli slut aa vist han kan jere de so jere han ein god ting

Aa den første eg arbea for va ein Engelsmann han kuna in(k)je snake Norsk aa in(k)je kuna eg tale engels so de va leit i blant men de tok in(k)je so lenje for eg for sto hva han sa aa der paa den Plasen va de ein som Heiter Knut Voden bror til Eivind Voden aa so va de ein gjente som (heitte) Kate der hu va i fraa Trondheim

De va han Knut Voden som sa at eg skule ta eit ana namn Andrew Olson aa siden har eg bru(k)t de

Eg bruka aa gaa i skojen paa vintren mæ eg va ung eg va i samen en vinter mæ ein som heit Karl Lund Bror til han Søren Lund som du kjente vel men eg har in(k)je set han paa lenje no han reiste vist ut vest (-) daa eg kom her til lans. So kom eg til ein som va i fraa Rygnestad aa de va Kjetil Krone

Eg kom til ein Bye som dei kale Grand forsk der er mange Sætesdøler aa de er Loiland Roisland Kjørvestad Haugeberje Rygnestad

Aa om eg hade stelt meg ret aa tent paa de eg har gaat den galne vejen mæ eg va ung men det er in(k)je nokaa aa ten(k)je paa de nu eg lever got aa so er de ein ting eg har in(k)je vert sjuk møye so de er no ein god ting der heime har vert stor forandring som eg har hørt so om ein kom heimat no so vile eg nesten ale kjene mey at so nesten ale i fraa Heimen min har gaat burt det er bare du aa Aasmund ja aaso Bjørguv som er ate no

Eg hade skult lika om du hade vert her so eg kuna faa tale mæ dey for de er lenjesia eg hev set dey no Ja de er snart 50 aar aa de er lenje.

Eg har eit Potret her som eg vil sende kanse at du in(k)je kjener den guben at Aa so til slut ei Hugvarm Helsing eg til dei eg sender kor eg i verden eg snur og vender.

So til slut faar du Helse alt de som Ve(k)s og gror

Lev vel lev vel ifraa Aanund Rygnestad

Ja, slik skriva den 68 år gamle Ånund heim til svigerinna på Rygnestad. På eit noko hjelpelaust språk skin det igjennom kor einsam og fattig han kjende seg, og kor han lengta attende til det som var. Me merkjer oss at han ikkje nemnde faren, berre mori.

Han hadde vel greidd seg rimeleg bra i Vesterheimen, men både på og mellom linjene merker ein mismot og resignasjon.

Ein kan også merke seg at han som dei andre brørne, hadde eit lyrisk lynde, der han i slutten av brevet prøver seg på eit rim, og han sender ei helsing til det som veks og gror.

BJØRGULV O. RYGNESTAD

Björgulv Olavsson Rygnestad, f. 1888, g. 1915 med Johanna Bentsdotter Kleveland, Laudal, f. 1899

Som Svein og Åsmund var han lærar og bonde. Garden fekk han gjennom kona. Dei fekk ei stor og livskraftig slekt etter seg. Det var ikkje tidt han kom attende til Rygnestad, men dei siste åri han livde var det viktig for han å kome til Tyrvestøyl, der han hadde sine barndoms støyssumarar.

Som brørne hadde han ei lyrisk åre. I tillegg til dikt og songar skreiv han òg i aviser.

Born:

1. Roald f, 1916 , d. 1986, g, m. Jenny Amanda Rolland, f. 1920

2. Bjarne f. 1918d.2006, g.m. Helene Bråthen, f.1921, d. 1983
3. Harald f. 1920, d. 1979, ug.
4. Vildis f.1922 d.2010, g. m. Otto Yttervoll, f. 1916
5. Hjørdis, f. 1925, d. 2010 , ug.
6. Hild f. 1927, g. m. Ola S. Foss, f. 1928
7. Ragnar, f. 1931, g. m. Liv Fostad, f. 1937

GRÅMANNEN PÅ DALSMARKEN

Så er det ein annan historie som mange i slekta ikkje er så interessert i å tale om. Eg tenkjer på då Gråmannen var på marknaden på Dalen og let seg narre av Sigrid frå Tokkedalen. Han vart så hugteken av Sigrid og det enda med at han låg med henne . Utpå hausten kom ho til Rygnestad med stor mage og pressa han for pengar. Men ho var ikkje gravid, ho hadde berre stappe seg ut . Ho vart verande i Valle , så denne historien vart godt kjend.

Bygdediktaren Tormod Knutsson Borgejordet skriva ei skjemtevisе om dette som vart kalla Gråmannsvisa. Hugin (Knut K. Bø) hev skriva om denne Tormod Borgejore i ei telemarksavis :

Denne Tormod Knutsen Borgejorde var frå Kviteseid. Han var utdanna som lærar , men arbeidde lenge som kontorist hjå futen M.H, Florenz i Kviteseid. Han vart seinare stortingsmann for Bratsberg i tre periodar. Men det var som forfattar til skjemteviser han var best kjend, for ikkje å seie berykta..

Han hadde høyrт denne historien om Gråmannen og Sigrid, og som den satirikeren og skjemtevisediktar han var , skreiv han Gråmannshusvisa. Denne visa vart godt kjend både i Telemark og Setesdal.

Arne Aabø fortalde at Tormod Borgejorde ein sommar i ungdomen tok seg arbeid som slåttekar i Valle. Han song ofte denne visa , men sa aldri kven det handla om . Likevel visste alle kven det galt.

GRÅMANNS (HUS)VISA

Då Olav Gråmann kom seg på Dalen
trefte han Sigrid den skjøkja så grei,
Vart han av elskhug så rasande galen
Bad om ho ikkje vil seia han nei.
Sigrid ho kunne så mangt finne på
Ville ikkje Olavs begjæring avslå.

Så hende det seg i ei forsamling på tinget
Då var der folk som fekk sjå koss dei for,
Tok så den sellen så fælt til å springa,
Hoppa eit gjerde tre alen frå jord.
Då fekk dei sjå at den sogа var sann
At revenslett ikkje var raskare enn han.

Sigrid var no so full ut av grillor,

Full utav klokskap og falskhet og svik.
Ho stappa sin mage så full ut av fillor
At ho såg ut som eit utstoppa hit.
Seinast om hausten ho reiste til den
Som ho som snøggast ha havt til sin venn.

Då ho no kom der den sellen var heime,
Og han fekk sjå ho uhorveleg vid,
Gjorde han ein akkord med henne åleine
At ho for honum sku seie seg fri.
Då fekk ho pengar og då fekk ho tjeld,
Då fekk ho dagshyre nok for ein kveld.

Sigrid tøvra i bygdi så lengje
At hennar svik blei for alle bekjent.
Olav han trega på det ho ha fengje,
og honums syster til henne blei sendt.
Narra så av ho ei sye i hast.
Innan dei slutta ,blei det veldig til kast.

Då dei kvarandre i hårfletta fata,
Eg det kje såg , men det er for meg sagt.
Dei som det såg ,sa at Sigrid kje bata,
Skjønt ho var dobbel å rekne i makt.
Då dei kvårandre i hårfletton sleit,
Sigrid laut sleppe då Sæbyggja beit.

Fær no kje Sigrid atte si sye,
stemner ho Olav til Setesdals-ting.
Då fær han sjå at ho kan honum fye,

då fær han lense på medelen sin.
Då fær han sjå han hev komi i lag
Med det forbannade Bratterudslag.

Det hender tidt at ein mann blir bedregjen
Ut av ei skjøkje som steller seg godt.
Baketter blir han nok helste forlegjen,
Difor sku Olav forhånast med spott.
Alle hev lyte , og ingen er fri,
Narra av skjebnen så mange kan bli.

SIGRID BRATTERUD OG GRÅMANNEN

Eg kan nemne at denne Sigrud frå Tokkedalen busette seg i Valle. Det eg no fortel , har eg frå Arne Aabø i Lårdal og frå Valleboka til Alfred Rynningen (Bind 3 , side 41 og Bind 4 , side 570)

I det nest siste verset skreiv Tormod Borgejorde om at Gråmannen hadde komi i lag med det ”forbannade Bratterudslag”.Sigrud var syster til Signe Bratterud som i 1815 tok livet av mannen sin .Dette gjorde ho saman med tenesteguten Ola Folehefte frå Kviteseid. Dei kasta han i Tokkeåi og han vart aldri funnen. Signe Bratterud og Ola Folehefte vart dømde for drapet , han fekk dødsstraff og ho vart dømd til livsvarig fengsel, men vart benåda etter 10 år . Borna hennar ville ikkje ha noko å gjere med henne , så ho vart verande i fengselet til ho døydde 50 år gamal, i 1837.

Om denne tragiske hendinga skreiv Tone Aarak, lærar i Treungen i Nissedal, romanen ”F ramandkar kjem til gards” som kom ut på Gyldendal i 1949. Boka vart prenta på nytt i 2010 og gjevi ut av Ragnar Christensens forlag Telemarkmagasinet.

Systane Signe og Sigrud kom eigentleg frå Eidsborg , men det ser ut til at dei kom som jentungar til Bratterud og tok såleis det namnet som skikken var då. Signe vart gift med den mykje eldre gardskaren på Bratterud året etter konfirmasjonen.Like etter fødde ho eit barn som ho fekk med han.

Om Sigrid Bratterud, som er omtala i Gråmannshusvisa, veit ein mindre .Det ein veit er at etter ho kravde Gråmannen flutte ho til Valle, noko som Gråmannen nok var lite glad for.. Ho kaupte seinare gard på Flårenden før ho flytta opp att til Valle . Der døydde ho i 1875 , 78 år gamal.

Ifylgje Valleboka fekk Sigrid Hallvardsdotter Bratterud frå Lårdal kaupe Flårenden (bnr.3) i 1836..Ho kunne ikkje betale , så seljaren Bjug Ånundsson Haugum fekk pant i bruket for 320 spd.

Ho var ugift, men hadde to born. Først fekk ho sonen Olav med Olav Olsson Kyrvestad (Brottveit , bnr.2) i 1823. Han gifte seg med Margit Tarjeisdotter Rysstad ,f. 1826 . Ho var dotter til spelemannen Tarjei Faremo . Dei reiste til Amerika med heile familien i 1861.

Ho hadde også ei dotter , Kari Hallvardsdotter. Ein veit ikkje noko om henne , berre at ho døydde i Amerika lenge før mora.

Knut Jonsson Heddi skreiv ein del om Sigrid. Han har gjevi ei levande skildring av korleis ho var og korleis ho såg ut:

Ho var noko samraudleitt, tun nos, liten munnæ, helste ve i Anletæ å på Bolæ. Ho va kvik, hågmælt, lett mælt og talig. Ho va svært djorv(djarv) som ænn Kare. Hu va knabbe stor hels til spjaankeleg aa snilt laga.

Etter det Knut Jonsson kan fortelje måtte ho ha vori eit driftig og dugande menneskje:

Sigri staaka med nokaa kvert Slag. Hu kaupte Smologg (sauer) aa ha i Heio, so reiste 'o ti Byn mæ Drift om Hausto og bytte i Kraam ,Tobaka a Simdor Stassæ. I dette handla 'o attæ Konn, aa mæ de betala hu paa Garen.

Men Sigri seldæ Garen, den Olav Myrum hae, aa reiste upte ti Vallæ aa fekk se atte a Hyttæ på Kjelleberg aa døde der

I Valleboka Nr.4 står det om henne under kaptitlet om Kjelleberg, bnr.28 Bratterud. Det er plassen som Torleiv og Anne Lise Kjelleberg budde.

Denne Sigrid Bratterud busette seg seinare i Valle, men det er ei onnor soge.

SIGRID BRATTERUD I VALLE

Denne Sigrid frå Tokkedalen busette seg seinare i Valle. Det eg no fortel, hev eg frå Arne Aabø i Lårdal og frå Valleboki til Alfred Ryningen (Band 3, side 41, og Band 4, side 570).

I det nest siste verset skreiv Tormod Borgjorde om at Gråmannen hadde komi i lag med det ”forbannade Bratterud-slag”. Sigrid var syster til Signe Bratterud som i 1815 tok livet av mannen sin. Dette gjorde ho saman med tenesteguten Ola Folehefte frå Kviteseid. Dei kasta han i Tokkeåi og han vart aldri funnen. Signe Bratterud og Ola Folehefte vart dømde for drapet, han fekk dødsstraff og ho vart dømd til livsvarig fengsel, men vart benåda etter 10 år. Borna hennar ville ikkje ha noko å gjere med henne, så ho vart verande i fengselet til ho døydde 50 år gamal, i 1837.

Om denne tragiske hendinga skreiv Tone Aarak, lærar i Treungen i Nissedal, i romanen ”Framandkar kjem til gards” som kom ut på Gyldendal i 1949. Boki vart prenta på nytt i 2010 og gjevi ut av Ragnar Christensens forlag, Telemarkmagasinet.

Systrene Signe og Sigrid kom eigentleg frå Eidsborg, men det ser ut til at dei kom som gjentungar til Bratterud og tok såleis det namnet som skikken då var. Signe vart gift med den mykje eldre gardskaren på Bratterud året etter konfirmasjonen hennar. Like etter fødde ho eit barn som ho fekk med han.

Om Sigrid Bratterud, som er omtala i Gråmannshusvisa, veit ein mindre. Det ein veit er at etter ho kravde Gråmannen, flutte ho til Valle, noko som Gråmannen nok var lite glad for. Ho kaupte seinare gard på Flårenden før ho flytta opp att til Valle. Der døydde ho i 1875, 78 år gamal.

Ifylgje Valleboka fekk Sigrid Hallvardsdotter Bratterud, frå Lårdal, kaupe Flårenden (bnr.3) i 1836. Ho kunne ikkje betale, så seljaren Bjug Ånundsson Haugum fekk pant i bruket for 320 spd.

Ho var ugift, men hadde tvo born. Fyrst fekk ho sonen Olav med Olav Olavsson Kyrvestad (Brottveit, bnr. 2) i 1823. Han gifte seg med Margit Tarjeisdotter Rysstad, f. 1826 . Ho var dotter til spelemannen Tarjei Faremo. Dei reiste til Amerika med heile familien i 1861.

Sigrid hadde også ei dotter, Kari Hallvardsdotter. Ein veit ikkje noko om henne, berre at ho døydde i Amerika lenge før mori.

Knut Jonsson Heddi skreiv ein del om Sigrid. Han har gjevi ei levande skildring av korleis ho var og korleis ho såg ut:

Ho var noko samraudleitt, tun nos, liten munnæ, helste ve i Anletæ å på Bolæ. Ho va kvik, hågmælt, lett mælt og talig. Ho va svært djorv (djarv) som ænn Kare. Hu va knobbe stor helst til spjaankeleg aa snilt laga.

Etter det Knut Jonsson kan fortelje måtte ho ha vori eit driftig og dugande menneske:

Sigri staaka med nokaa kvert Slag. Hu kaupte Smologg (sauer) aa ha i Heio, so reiste 'o ti Byn mæ Drift om Hausto og bytte i Kraam, Tobaka a Simdor Stassæ. I dette handla 'o attæ Konn, aa mæ de betala hu paa Garen.

Men Sigri seldæ Garen, den Olav Myrum hae, aa reiste upte ti Vallæ aa fekk se atte a Hyttæ på Kjelleberg aa døde der.

I Valleboki, band 4, stend det om henne under kapitlet om Kjelleberg, bnr. 28 Bratterud. Det er plassen som Torleiv og Anne Lise Kjelleberg budde.